





# Tankespinn #2

**Antologi**

**Setesdalsforlaget**  
VALLE 2013

Framsida på boka.

**I disse dagar kjem antologien Tankespinn nr.2 ut på Setesdalsforlaget. 17 ulike forfattarar er representert i boka, og mellom permene finn vi både poesi og prosa; - på nynorsk og bokmål. Den omtykte Uskedals-diktaren Olaf Agnar Gausvik sitt langdikt BYGDO er med i antologien.**

**Frå utgjevarane sin presentasjon av BYGDO tar vi med:**

Olaf Agnar Gausvik er fødd i 1942 i Uskedalen i Kvinnherad. Han har vore lærar, bladfyk og 'venstrehovding' i heimkommunen, men bur no i Kristiansand.

På Setesdalsforlaget har han gjeve ut bøkene 'Det droplar og dryp' og 'Gustaven og dei siste mohikanarane'. I langdiktet 'BYGDO' tek han lesarane med på ei reise i tid og rom heimatt til fjordbygda på Vestlandet. Han syner oss bygda, folket som bur der og livet og livskvalitetane i dette særmerkte samfunnet slik det ein gong var. Og han ser framover og undrar seg over korleis bygdefolket skal kunna takla utfordringane som kjem; og kva og kven dei har å lita på.

Vi ynskjer god lesnad!

**Frå innleiinga av diktet siterer vi:**

I "ytre luten" var "uskedelingar"  
dei avbrende og ubrukelege fyrstikkene  
som vart lagde nedatt i eska  
saman med heimerulla, halvrykte  
og nikotingule sigarettneipar.  
«Huff her var det mange uskedelingar,»  
sa dei svivørdsleg neste gong dei  
opna den oskesvarte stikkedåsen.



Olaf Agnar Gausvik.

Fy flate kor ufordrageleg frekt!

.....

Gausvik har berre tinga eit mindre opplag av boka, men om nokon vil kjøpa, kan dei berre ta kontakt. Boka er paperback-utgåve på 140 sider. Prisen er 150 kr + 20 kr i porto. Det kan vera lurt å gjere det før Gausvik og kona reiser til ferieparadiset sitt i Polen i månadsskiftet.

Ånund Homme i Setesdalsforlaget er i gang med bok nr 3 i serien Tankespinn. Der blir og Gausvik representert.

Elles er boka 'Året som rick' med 366 limerickar er klar til å gå i trykken. Det vil skje etter sommarferien. Då vil boka som er ein «kalendar» med limrickar, vera klar i god tid før årsskiftet.

Vi har mykje spennande i vente frå den aktive og dugande forfattaren.

Tekst: Thor Inge Døssland.